



Type hus:

Kvernhus

Opprinneleg frå: G.Br.F.nr:
Sandbu 16/2. (Riddar-Sandbu)

Byggeår/-periode:

Nåverande plassering:

Jutulheimen.

Huset vart brukt til utedass.

Restaureringar/ombyggingar:

Oppattbygd ovanfor Nordheradsvegen i Jutulheimen i 1956.

Kvernhuset vart nedteke tidleg på 2000-talet og lagra ute.
I 2008 vart tømmeret opplagt under tak på scena.
I 2009 vart det opplagt ved sida av scena og tekt med
bølgjeblekk.

Omtaler/gamle bilete av bygnaden:

Frå årsmelding 1955/56: "Direktør Kjell Holm, Sandbu, har
gjeve eit gammalt kvernhus med samtykkje av Olav Gjesling
Sandbu som han hadde bygsla huset av".
I realiteten er det vel Olav Gjesling Sandbu som er gjevaren.

Frå styremøte 6.januar 2000 under Aktivitetsplan, punkt 7:
Flytting av kvernhus".

Seinare frå styremøte 4.mai 2000: "Kvernhuset bør
restaurerast der det står".
(Kven tok det ned?)

Årsmelding for 2005, under Oppgåver 2006: "Kvernhuset
som ligg nedteke og lagra - må laget ta standpunkt til våren
2006.....

Frå årsmelding for 2008: "Tømmeret frå det nedtekne
kvernhuset er flytta til scena der det ligg tørt".